

312

KSK/HELA
/ KHEU

Statens vegvesen

201500861-8
201107538-15
201300133-8
201300163-11
201300169-9
201400001-11
201205185-9Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLOBehandlande eining:
Region sørSakshandsamar/innvalsnr:
Tor Hallvard Taxerås - 37019982Vår referanse:
2015/040856-002Dykkar referanse:
201500861-5Vår dato:
15.04.2015

Høring - småkraftpakke Otra. Melefallet II småkraftverk, Tveiteråni kraftverk, Veringsåe kraftverk, Bjørnvatn kraftverk, Upstad kraftverk, Flårendsfossen kraftverk og Straume kraftverk i Aust-Agder fylke.

Vi synar til brev dagsett 7.4.2015, kor konsesjonssøknaden for ovannemnde kraftverk er sendt på høyring.

Statens vegvesen har vurdert anlegga og har slike merknader:

Melefallet II småkraftverk – Melefallet AS

Det er planlagt et mindre tilbygg på eksisterande turbinhus attmed fylkesveg 304 samt riggplass for opplag av bygningsmateriell og utstyr på same side av vegen. Etter vår vurdering vil dette gi unødig mykje kryssing av fylkesvegen i anleggsfasen. Vi ønskjer difor at det blir sett på om det kan etablerast to riggplasser, ein på kvar side av fylkesvegen.

Før anleggsarbeida starter opp må det bli søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsler samt dispensasjon frå byggegrensa for tilbygg og riggplass då byggegrensa langs fylkesveg 304 er 30 meter.

Tveiteråni kraftverk – Clemens Kraft AS

Tiltaksområda ligg utanfor vårt ansvarsområde og vi har såleis ingen merknader.

Veringsåe kraftverk – Veringsåe Kraftverk AS

Tiltaksområdet ligg utanfor vårt ansvarsområde og vi har såleis ingen merknader.

Bjørnvatn kraftverk - Clemens Kraft AS

Det er planlagt ny tilkomstveg med avkjørsel frå fylkesveg 45 i samband med kraftverket. I den samanheng må det søkast om avkjørselsløyve frå fylkesvegen. Avkjørselen må dimensjonast for store kjøretøy og elles vere i samsvar med våre handbøker.

Postadresse
Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723 Stoa
4808 ArendalTelefon: 02030
Telefaks: 37 01 98 01
firmapost-sor@vegvesen.no
Org.nr: 971032081Kontoradresse
Langsævn 4
4846 ARENDALFakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Uppstad kraftverk – Uppstad Kraftverk AS

Tiltaksområdet ligg utanfor vårt ansvarsområde og vi har såleis ingen merknader.

Flårendsfossen kraftverk – Otra Kraft AS


Planlagt riggområde ligg like attmed riksveg 9 og har tilkome frå denne. Dette inneber at det må søkast om utvida bruk av eksisterande avkjørsel samt dispensasjon frå byggegrensen for riggplass. Byggegrensen langs riksveg 9 er 50 meter. I dispensasjonssøknaden må det bli opplyst om kva for verksemd som skal skje på og frå riggområdet.

Straume kraftverk – Straume Kraftverk AS

Tiltaksområdet ligg utanfor vårt ansvarsområde og vi har såleis ingen merknader.

Vegavdeling Aust-Agder - seksjon for plan og forvaltning

Med helsing



Glenn Solberg
seksjonsleder



Tor Hallvard Taxerås